



AUSTEVOLL-LEIKANE 2022

OPNINGSFEST PÅ NYTT BANEDEKKE PÅ AUSTEVOLL IDRETTSANLEGG LAURDAG 7. MAI KL 12.30

Offisiell opning med program startar kl 12.00

Vi inviterer til opningsstemne på Austevoll Idrettsanlegg, som no er nyoppussa og har fått nytt banedekke. Austevoll-leikanen var sist arrangerte for rundt 20 år sidan og er nok hugsa, for dei som er vaksne nok, som eit populært stemne med fine premiar. Vi satsar sjølvsagt på å leva opp til dette.

Stemnet er for alle frå 6 – 94 år, med andre ord alle klassar. Sidan vi ikkje har arrangert nasjonale stemne her i Austevoll på ei stund, blir øvingsutvalet enkelt, men godt:

Jenter / gutar rekruttering: 6 - 7 - 8 - 9 år: 60m - lengde

Jenter / gutar 10 - 18: 60m - 600m - kule - lengde

Kvinner / menn:

Junior / senior / veteran: 100m - 600m - 1000m - kule - lengde.

600 og 1000m er spesielt valt etter som vi har forstått at ein del klubbar vil nytta dette som siste uttaking til Holmenkollstafetten helga etter.

Påmelding kan gjerast online på Min Idrett (<https://minidrett.nif.no/>), eller på e-post til austevollsleikane@gmail.com frå 18.04. - 02.05.2022. (Spørsmål? Ring 90165709 Svein H).

Ein kan betala startkontingent, som er 100 kr for kvar øving for 13 år og oppover og 50 kr for born under 13 år, til bankkonto nr. 3628.07.15179 eller Vipps nr. 105518.

Etterregistrering frå 3.5.22, dobbel startkontingent. (for løp, berre dersom plass i heat)

Premiering: Rekruttering 6 -12 deltakarmedalje. Jenter / gutar 10 - 12 år medaljar til dei 3 beste (+ deltakarmedalje). Jenter / gutar 13 - 18, 1/3 premiering. Det vert gitt premiar for høgste poengsum i løp - hop - kast.

Junior / senior / veteran: Fine premiar til 1/3, samt bestemannspremiar.

Vi ønskjer deltakarar og leiarar velkomne til Austevoll.

Ferje Krokeide – Hufthamar 09.40 (På plass 10.30) og 11.10 (På plass 12.00).

Ferje Sandvikvåg – Husavik 10.50 (På plass 11.30)